



---

**Til:**  
**Samferdselsutvalet**

---

**Frå:**  
**Fylkesrådmannen**

---

**Referanse**  
Torill Klinker 2014/64-3

**Dato**  
09.01.2014

## **MELDING**

### **Moglegheitsstudie Arnatunnel - Svar på oversendingsspørsmål**

Fylkesrådmannen syner til møte i samferdselsutvalet den 18.11.2013 der representanten Tom Skauge stilte fylgjande spørsmål:

*Når vil utvalet få moglegheitsanalysen for Arnatunnelen til uttale?*

Fylkesrådmannen er kjent med at *Mulighetsanalyse Arnatunnelen* har vore handsama i Bergen kommune. Hordaland Fylkeskommune har ikkje motteke moglegheitsanalysen til formell høyring, men legg opp til handsaming av saka på Samferdselsutvalet sitt møte i februar.